

**Notat**Dato: 13.10.2017  
Arkivsak: 2017/4411-3  
Saksbehandlar: nilvetl**Statsbudsjettet - budsjettarbeidet*****Frie inntekter (rammetilskot og overslag over skatteinntekter)***

Vekst i frie inntekter for fylkeskommunane samla i kommuneprp. i vår	300 mill. kr
Regjeringa sitt forslag i statsbudsjettet	200 mill. kr
Hordaland fylkeskommune har om lag 10%: Reduksjon i høve til venta vekst	10 mill. kr

***Regionale utviklingsmidlar***

Hordaland fylkeskommune sin del av regionale utviklingsmidlar er redusert med 11 mill. kr i statsbudsjettet. Dette er øyremerka statsmidlar og fylkeskommunen sitt utviklingsarbeid må setjast tilsvarande ned.

***Fagskulane***

Regjeringa foreslår i statsbudsjettet å endra finansieringa for fagskulane til eit øyremerka tilskot frå Kunnskapsdepartementet. Midlane som tidlegare var finansiert som del av dei frie midlane til fylkeskommunane er trekte ut og overført til den øyremerka finansieringa. Fylkesrådmannen har teke omsyn til denne endringa i budsjettet.

***Budsjettarbeidet***

I tillegg til reduksjonen på 10 mill. kr, og endringane elles som følgje av statsbudsjettet, arbeider fylkesrådmannen med salderingsutfordringar på ytterlegare 10 mill. kr.

Regjeringa **har i** statsbudsjettet lagt inn heilårsverknad av utvida rett til vidaregåande opplæring for innvandrarar og det auka lærlingtilskotet som kom i revidert statsbudsjett i år. Fylkesrådmannen har teke omsyn til dette i budsjettet.

Meirverdiavgift, låg sats er foreslått auka frå 10 til 12%. Fylkeskommunane har i statsbudsjettet fått kompensasjon for auken, og fylkesrådmannen legg difor ikkje opp til å auka takstane ytterlegare som følgje av dette.

For å få eit saldert opplegg er det budsjettert med ein innsparingssum på 10 mill. kr som må dekkast inn med betre klasseoppfylling. Den nye fordelingsmodellen for vidaregåande skular får verknad frå hausten 2018. Oppfyllingsgraden skal som regel vera 85% før klassar vert starta opp. Innsparingssummen er lagt inn som følgje av at det viser seg at ein for stor del (20 %) av klassane har lågare enn 85% oppfyllingsgrad. Om oppfyllingsgraden vert betra, kan færre klassar startast opp.